

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 29.09.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Kst. Administrerende direktør Ola Rye  
**SAKA GJELD:** **Risikovurdering 2. tertial 2016**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 049/16

**STYREMØTE:** 04.10.2016

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek risikovurdering per 2. tertial 2016 til etterretning.

## Oppsummering

Tiltak for å nå mål og styre risikoområde er lagt inn som ein del av ordinær handlingsplan for verksemda i SAV. Målet er å styre mot ein jamn risikoreduksjon gjennom dagleg drift.

I andre tertial i 2016 har SAV erfart ein auke i risikobilete innan styringsmål 3 (SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste ....) som følge av utfordringar ved produksjonslokala i Stavanger. Ut over dette har SAV noko redusert risiko innan styringsmål 2 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning .....) sjølv om ein ser at tiltak på dette området tar tid å implementere og at SAV er avhengig av nasjonal utvikling og prosessar i sjukehusføretak i vår region. Innan styringsmål 1 (Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast i helsetenesta..) er risiko uendra medan risiko innan Styringsmål 4 (Alle arbeidsprosessar har standardisert god kvalitet ...) er noko redusert.

## Fakta

Status i andre tertial er:

### **Styringsmål 1 «Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast i helsetenesta.»**

har uendra risiko knytt til riktig og trygg bruk av legemiddel i heile pasientforløpet og arbeidet med kurve og journalløysing .

### **Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning..»**

har uendra risiko knytt til utvikling av nasjonal strategi og kultur for omsorgsal, medan tiltak knytt til rammevilkår for god forretningsdrift og evne til gjennomføring av investeringar er redusert.

### **Styringsmål 3 «SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste .....»**

har risiko i høve til auke i mangelsituasjonar på legemidlar og utfordringar knytt til produksjonsavdelinga i Stavanger , medan risiko for manglande gjennomføring av brukarundersøkingar er redusert.

### **Styringsmål 4 «Alle arbeidsprosessar (leiarprosessar, kjerneprosessar og støtteprosessar..) har standardisert god kvalitet...»**

har uendra risiko knytt til endring av sentrale apoteksystem medan risiko ved framdrift på utvikling og implementering av nye prosesser er redusert.

Det er ikkje teke inn nye eller teke ut risikomoment i tertialet.

## Kommentarar

Tiltak i høve til dei identifiserte risikoområda er innarbeid i dei ordinere handlingsplanane i SAV, og gjennom dette oppnå risikoreduksjon gjennom dagleg drift. SAV vurderer jamleg om ny risiko oppstår og treng handsaming.

## Vedlegg

1. Risikomatrise SAV 2.tertial 2016